

Ottar

Rávdnji, samiske spor
i Tromsøområdet

1 · 2025 · Nr. 351 · Årgang 71





Rávdnji

Den rike samiske historia til Tromsø er ukjend for mange fordi fleire av byen sine samiske spor gjekk tapt i fornorskning og grensestenging.

Utstillinga Rávdnji ved Norges arktiske universitetsmuseum, løftar fram fortrenge fortellingar om den samiske historia i Tromsøområdet.

Foto: Mari Karlstad, Norges arktiske universitetsmuseum 2025

Ansvarlig redaktør:

Ingrid Sommerseth

Hefteredaktør:

Trude Fonneland

Grafisk design og trykk:

Grafiske Tjenester,
UiT Norges arktiske universitet

Manuskript og tips om tema,
bes sendt til:

Ottar, Norges arktiske universitets-
museum, PB 6050, Langnes,
9037 Tromsø

Tlf. 77 64 40 00

E-post: ottar@uit.no

Ottar digitalt:

<https://septentrio.uit.no/ottar>

*Ottar utgis av Norges arktiske universitetsmuseum
og akademi for kunstfag*

*UiT Norges arktiske universitet
Utkommer med 4 hefter i året. Årgang 71.*

Grafisk produksjon og trykk:

*Grafiske tjenester, UiT Norges arktiske universitet.
Den digitale utgaven av dette heftet er tilgjengelig på
<https://doi.org/10.7557/ottar.7112025>*

Redaksjonen er ikke ansvarlig for den enkelte forfatters synspunkter.

Alle tekstein i dette Ottar-heftet er lisensiert med CC BY 4.0. Den enkelte artikkelforfatter er opphaver. For informasjon om gjenbruksvilkår for de enkelte illustrasjonene, følg lenker i bildeteksten.

ISSN 2704-0933 (online)

ISSN 0030-6703 (trykt utgave)

Populærvitenskapelig tidsskrift fra
Norges arktiske universitetsmuseum
nr. 351 · 2025

*Ottar sa til Herren sin, Alfred konge,
at han budde lengst nord i landet
ved Vествatnet. Han sa at landet like-
vel var mykje lenger mot nord, men
at det er heilt ubygt. Einast på nokre
få stader her og der held finnar til.
Om vinteren driv dei med jakt og om
sommaren med fiske ved havet.*

*Slik begynner fortellingen til den
nordnorske høvdingen Ottar.
Omkring 890 foretok han en reise
til England, og ga Kong Alfred en
beretning om Nord-Norge og om
en ferd langs kysten til Kvitsjøen.
Beretningen ble føyd inn i kong
Alfreds oversettelse av Orosius'
verdenshistorie. Inspiret av den
gamle håløyghøvdingens nysgjer-
ighet og fortellerglede, har OTTAR
siden 1954 trykt artikler om
nordnorsk og arktisk natur, kultur
og samfunnsliv.*

Forside:

Del av utstillinga Rávdnji.
Foto: Mari Karlstad

Bakside:

Torghuken i Romsa/Tromsø i 1902.
Rundt 7 tonn reinkjøtt ble solgt i Tromsø
på midten av 1800-tallet. Reinkjøtt var
en viktig næringeskilde for de ca. 2500
innbyggerne i byen. Til venstre ser vi
kjøttkontrollen bygd i 1894 for å få større
kontroll på varer som ble solgt utenfor
kjøpmennenes og handelshusenes
system.

Foto: Tsnf 53894 Norges arktiske
universitetsmuseum, UiT

Rávdnji, samiske spor i Tromsøområdet

Innleiing

- Trude Fonneland 2
<https://doi.org/10.7557/ottar.8056>

Rávdnjeváaggi og Romssaváaggi – sommarheimane som gjekk tapt

- Trude Fonneland og Ingrid Sommerseth 3
<https://doi.org/10.7557/ottar.8061>

Margrethe Kitt - siida eamit og tromsøsame

- Stine Benedicte Sveen 12
<https://doi.org/10.7557/ottar.8062>

Den grenseoverskridende reindriften og dens skjebne i Troms

- Ivar Bjørklund 20
<https://doi.org/10.7557/ottar.8063>

Sjøsamiske spor i Tromsøområdet

- Trude Fonneland og Ingrid Sommerseth 28
<https://doi.org/10.7557/ottar.8064>

Stábba og Sieidigeáge. To offersteder i Tromsøområdet

- Dikka Storm 36
<https://doi.org/10.7557/ottar.8065>

Tvangsflytting, vindkraft, reindrift og protest i utstillinga Rávdnji

- Camilla Brattland 42
<https://doi.org/10.7557/ottar.8066>

Refleksjoner rundt det kuratoriske arbeidet med utstillingen Rávdnji

- Rossella Ragazzi i samarbeid med Joar Nango 48
doi.org/10.7557/ottar.8067

Innleiing

<https://doi.org/10.7557/ottar.8056>

Den rike samiske historia til Romsa/Tromsø er ukjend for mange av di fleire av byen sine samiske spor gjekk tapt i fornorskning og grensestenging. Utstillinga Rávdnji, som opna ved museet 13. juni 2024, løftar fram fortrengte fortellingar om den sjøsamiske og reindriftssamiske historia i Tromsøområdet. Ho peikar på kulturelle band mellom kyst og innland, samiske kulturminne, levd liv, kvardagssyslar, og det gode naboskapet/verddee. I dette Ottarnummeret er målet å grava djupare i nokre av dei tema utstillinga kastar lys over.

Lenge har det vore eit ubalansert forhold mellom mangelen på kunnskap om den lokale, samiske historia og museet sine rike arkiv. Gjennom djupdykk i museet sine fotoarkiv, gjenstandssamlingar og forskingsarkiv, er målsettinga å løfta fram spor og forteljingar om samisk liv i Romsa. Med dette nummeret av Ottar tek åtte inviterte forfattar utgangspunkt i problemstillingar knytt til den lokale samisk historia som også har band til utstillinga Rávdnji.

Trude Fonneland og Ingrid Sommerseth sine artiklar har fokus på Rávdnjevággi/Finnheia på Sállir/Kvaløya og den bynære Romssavággi/Tromsdalen. Begge landskapsrom inngår i ei større historie om grensestenginga og tvangsflyttinga sine konsekvensar. I tillegg løftar dei fram sjøsamiske spor i Tromsøområdet gjennom kulturminne og skriftlege kjelder som vitnar om sjøsamar sitt liv og virke i Romsa.

I Rávdnji er eit av utstillinga sine panel via til forteljinga om Máhte Marge/Margrethe Kitti, som var leiari for ein reindriftssiida med ein stor reinflokk på Sállir/Kvaløya. Stine Benedicte Sveen fortel om Margrethe sitt liv frå ho vart fødd i fembøringen Drauen i 1884 til ho vart gravlagt på gravlunden ved foten av Rávdnjevággi/Finnheia i 1972, og alle forteljingane som lever vidare.

Tvangsflytting av reindriftsfamiliar frå sommarlandet i Tromsøområdet er vitnesbyrd om historisk urett. Ivar Bjørklund gjev i sin artikkel ein viktig kontekst til forhandlingane om den grenseoverskridande reindrifta frå utforminga av Lappekodisallen i 1751 fram til 1972-konvensjonen. Bjørklund viser at utanrikspolitiske grep har splitta opp det samiske fellesskap både innanfor og utover Noreg sine grenser.

Nokre av kulturminna som fortel om samisk tilhøyrslle til og virke i Tromsøområdet er sieiddit, offerstadar. Dikka Storm løftar fram to slike sieiddit som peikar på ulike samiske levemåtar i regionen; Stábba/Stabben i Málatvuotna/Malangen og Sieidigeaðge/Seisteinen i Gállafierda/Kaldfjorden.

Som fylgje av vindkraftverk og utbygging i friluftsområde, er både reinbeiteområde og samiske kulturminna i dag trua. Camilla Brattland viser korleis desse utfordringane kjem til uttrykk i Rávdnji gjennom val av design og i kunstnariske uttrykk.

Rossella Ragazzi og Joar Nango diskuterer den kuratoriske prosessen knytt til utviklinga av utstillinga, Rávdnji. Nango, som er samisk kunstnar og arkitekt, var med sitt team Vougas, ansvarleg for utstillinga sitt design. Artikkelen peikar på interaksjonen mellom den no 52 år gamle utstillinga Samekulturen og Rávdnji som er bygd inn i eit av Samekulturen sine tidlegare montrar. Ragazzi og Nango diskuterer også utstillinga sin kunstnariske ambisjon med bidrag frå samiske kunstnarar og forfattarar som Hans Ragnar Mathisen, Katarina Spik Skum, Anders Sunna og Elin Anna Labba.

Me håper at dette temanummeret av Ottar vil bidra til auka kunnskap om og interesse for den mangfaldige samiske historia i Tromsøområdet.

Trude Fonneland
hefteredaktør

Rávdnjevággi og Romssavággi – sommarheimane som gjekk tapt

Trude Fonneland og Ingrid Sommerseth

<https://doi.org/10.7557/ottar.8061>

Rávdnjevággi (Finnheia) og Romssavággi (Tromsdalen) er ettertrakta beiteområde for reindrift. Dei frodige dalområda har i fleire hundre år vore dei største buplassane i den samiske tamreindrifta i nord. Dei mange spora i landskapa, munnlege og skriftlege kjelder og eit rikt fotomateriale er ein viktig del av Tromsø historie som vert synleggjort gjennom utstillinga Rávdnji.

Frå 1600- og 1700 talet finst eit rikt kjeldemateriale som viser at den samiske nomadismen var etablert med faste flyttevegar, beiteområde og buplassar mellom innlandet og kysten. Kring midten av 1700-talet flytta mellom 350 og 400 samar med 4–6000 rein frå svensk side til kysten i Romsa/Troms. I tillegg viser kjelder at det i fjordane og på øyane fans ei mindre stasjonær sjøsamisk reindrift som kan dokumenterast attende til byrjinga av 1700-talet.

Rávdnjevággi, som på norsk ber namnet Finnheia, var fram til 1920-talet den største samiske busetnaden på Sállir/Kvaløya og rekna som den største reindriftssamiske busetnaden i heile Troms fylke. Rávdnjevággi vart stengt som sommarbeiteland i 1923, då den svensk-norske reinbeitekonvensjonen frå 1919 skulle tre i kraft. Den gav samar med vinterbeite på svensk side forbod mot å flytte med rein over grensa og å bruke Sállir som reinbeiteland og opphaldsstad.



Biletet frå Dalheim er eit av dei tidlegaste me har av samane i Romssavággi/Tromsdalen. Foto er frå 1875–1876 og teke av Knud Knutsen. Biletet viser borna Ella Kristina Nilsdotter Omma (1869–1944) og Anna Maria Nilsdotter Omma (1864–1885). ubb-kk-1318-1632

Romssaváaggi/Tromsdalen, ein del av Stuoranjárga – halvøya mellom Báhccavuotna/Balsfjorden og Olggosvuotna-Moskavuotna/Ullsfjorden-Sørfjorden, var eit svært ettertrakta beiteområde med grøne lier langt til fjells. I joiken om Stuoranjárga hører me korleis reinen trekkast mot det frodige sommarlandet. Flyttinga med rein til sommarbeitet i Romssaváaggi/Tromsdalen føregjekk fram til krigsutbrotet i 1940. Sametinget har registrert synlege busettingsspor i heile dalen og desse har i dag status som freda kulturminne. I tillegg fins også eit rikt kjeldemateriale i form av munnlege og skriftlege kjelder og fotomateriale etter alle familiene som har budd her.

Rávdnjeváaggi og Romssaváaggi var høgt verdsette sommarheimar både for menneske og dyr. Johan Turi fortel at reindriftssamane gjerne helste sommarbeitet med orda; *Bures, bures, dál eatnehat ja duovdagat – God dag mødre og enger»* (1987/1910:79). Sjølv om samane som flytta til Rávdnjeváaggi og Romssaváaggi formelt sett vart rekna som svenske statsborgarar, fortel mange at dei kjende seg meir heime på norskekysten av di sommarbuplassen var meir permanent enn vinterbeiteområda. Den danske antropologen Emilie Demant-Hatt som flytta med ein familie fra Gárasvvon/Karesuando til Romssaváaggi våren 1908 skriv,

Havriget! Var vi først naaet derind blev tilværelsen atter lys og festlig. Baade for Lapper og renar er Havriget vidunderlandet, og de smaa reenkalve, som kommer til verden inde I de grønne græsdale ved ikke hvad ondt vil sige. Ikke underligt, at Lapperne elsker sommerlandet – ja ikke kan leve uden det; derinde har de fra arilds tid hentet kræfter og mod til at udholde den iskolde vinter, mørket og alle strabadser, hvorpaa deres liv er saa rift – Det er ingen frase, at Lapperne ikke kan leve uten Norge (1913:152).

Konflikt

Frå 1840-talet og framover opplevde ein i Tromsø-området at stadig meir av reindriftssamane sine områder vart tatt i bruk av ei ekspanderande, norsk jordbruksbefolking. Dei nye, faste busetnadene førte i mange tilfelle til konfrontasjon og konflikt på grunn av motstridande interesser. Fastbuande klaga over at reinen gjorde skade på åker og eng. Reineigarane på si side klaga over at rein vart tjuvslakta, når dei kom inn på markene. Demant-Hatt referer til korleis samane i Romssaváaggi opplevde situasjonen, «*Vi er som en fremmed hund man sparker bort*» (1913:159). I boka: *En sommar i Norge: Fra Christiania til Finmarken* (1867) presenterer teologen Henrik Scharling ei reiseskildring i Noreg. Til Tromsø kjem Scharling



Nytt gjerde satt opp på Vikran ved Rystraumen i 1914 for å hindre rein i å komme inn på innmark. Det same gjerde vart nytta til reintelling i regi av reinbeitekonvensjonen. Foto: A0153_Reinbeitekonvensjonen



Simlene symjer over Rystraumen tidleg i mai på straumstilla. Biletet er teke på Hella kring 1914.
Foto: Olaus Solberg, tsnf 63179

7. juli 1867 og får logi hjå stiftsprost Hvoslef. Eit av høgdepunkta er turen til sameleiren i Romssaváaggi. I Tromsø lærte han også om dei utfordrande forholda mellom norske bønder og samar som har sommarbeiteland langs kysten;

Netop her på Tromsø har denne kamp været gjenstand for megen omtale, dels fordi det kommer talrike finnefamilier ned i disse egener hver sommer, dels fordi Tromsø er Stiftsørvighetens sæte og klagene bringes da herhit fra begge parter. Sagen er meget vanskelig at afgjøre: paa den end side kan man ikke godt forbyde nordmændene at nedsætte seg i landet og opdyrke det. Paa den anden side kan man heller ikke afskære finnerne fra kysterne og havet, thi det vilde være at tilintetgjøre deres existents” (1867:121).

Frå 1867 måtte svenske styresmakter laga ei årleg oversikt over alle som flytta med rein til sommarbeite til norsk side. Slik ynskte ein frå norsk hold å halda styring med kven som kom og kvar dei oppheldt seg. Det auka konfliktnivået førte til strenge reguleringar av reindrifta. I 1883

kom Felleslappelova (Lov angaaende Lapperne i de forenede Kongeriger Norge og Sverige). Denne lova markerte starten på statlege reguleringar som fekk store konsekvensar for reindrifta i området. Bakgrunnen for utforminga av lova ifylgje konstitusjonskomiteen si innstilling til Stortinget i 1882 var å; *Tilveiebringe større beskyttelse for de Fastboendes Eiendom i de af Lapperne mest besøkte Distrikter» og å «paalegg Lapperne Fælles-ansvarlighed for den Skade deres Ren foraarsage* (Fælleslappeloven av 2. juni 1883).

Ei av fylgjene av Felleslappelovan var at Tromsø Amt i 1884 vart inndelt i nummererte reinbeitedistrikt, og det var styresmaktene som fastsette kva for område som skulle inngå i dei ulike distrikta. Sállir/Kvaløya vart registrert som reinbeitedistrikt 23 og Stuoranjárga som reinbeitedistrikt nummer 9. Lova innebar også at reineigarar i dei ulike distrikta hadde eit felles ansvar for skade fastbuande meinte var påført av rein i deira område. Å betale avgift for rein som beita på fastbuande sin grunn vart no ein realitet for alle reindriftssamar som flytta til øyane og halvøyane på norsk side. Den

stadig sterkare, statlege inngrisen i den grenseoverskridande reindrifta var ein del av den statlege fornorskingspolitikken som litt etter litt bidrog til å viske ut den samiske historia i Tromsø-området.

Sommarheim i Rávdnjevággi

I laupet av dei siste åra Rávdnjevággi/Finnheia vart nytta som sommarbustad og reinbeite budde det nærmere 70 menneske her. Det var fordi familiarar frå Ráneš/Ringvassøy også flytta hit, då reindriftsdistriktet deira allereie hadde vorte stengd. Den svenske etnografen Ossian Elgström som vitja sommarheimen i Rávdnjevággi i 1918 skriv,

Från Haugebotn bar stigen, en smal kreatursstig, hela tiden uppåt, ungefär vad jag kunde tycka 4 km. (...). Nu vidtog en platå, som sluttade långsamt ned mot Strömsdalen. Häruppe på slätten, mitt i blåsten, låg lägret, sju små jordgammrar. (...) och beboddes av familjerna Nutti, Walkeapää, Guttorm, Hurri, två bröder Olsson, Blind, ännu en Nutti, Heika, Piltö och Labba (1919: 348–351).

I tilknyting til rapporten om kulturminneundersøkingar i Rávdnjevággi, har forfattar Elin Anna Labba gjennomført fleire intervju med

etterkomarane etter dei som flytta med rein til Sállir/Kvaløya. Her vert me kjend med samiske perspektiv på livet i Rávdnjevággi og dei omfattande konsekvensane av stenginga av grensene.

Det var som regel dei med lengst flytteveg som reiste først, påpeikar Labba. Det innebar at samane som skulle til Ráneš/Ringvassøy og Sállir/Kvaløya flytta før mange av dei andre distrikta. Samane som flytta til Sállir kom i tre puljar fordelt utover våren og vårsommaren. Fyrst flytta ein med dei drektige simlene for å la reinen kalve på øya. Småkalvane ville vera for svake til å symje over Rávdnjji/Rystraumen, og på Sállir var det fine kalvingsplassar med barmark tidleg på våren. Dei flytta frå den svensk-norske grensa over til Jákotnjárga/Malangshalvøya. Derifrå symde reinen over til Sállir der sundet er på det smalaste. Ifylgje intervjuaterialet i Reinbeitekommisjonen kom dei fyrste reinflokkane i byrjinga av mai. Fleire av dei Labba intervjuja påpeikar at reinen tok seg over sundet ved straumstilla og at ein gjerne rodde ut med ein láidestanheargi (leiarrein), som resten av reinflokkene fylgde.

På andre siden av sundet var det folk som tok imot reinflokkene og styrte han i rett retning. Straumen var alltid sterkare når ein nærma seg Sállir/



Skuleteitet i Rávdnjevággi i 1921, eit av dei siste åra familiane fekk bu på sommarbuplassen på Sállir/Kvaløya. Kvinnen til høgre i biletet er truleg lærar Ingerta Blind. Foto: Sverre Berg-Jensen, tsnf 54887



Postkortet frå ca 1907 viser stivpynta geistlege på besøk ved turistgjerdet. Det kan vere same år som keisar Wilhelm av Tyskland var innom Tromsø på sin årlege tur til Nordkapp. Her ser vi dei studerer reinsdyra som er samla i gjerdet. Foto: Thoralf Øien PEM-TOI-GP00192

Kvaløya. Det vert fortalt at båtar, som ikkje hadde høg nok fart, nokre gonger gjekk på grunn her. Det hendte også at rein vart tekne av straumen og kom på land lenger unna.

I Labba sine intervju med etterkomarane fra Rávdnjevággi vert dei mange arbeidsoppgåvene som folket her tok del i vektlagt. På forsommaren plukka ein fjellengsyre og kvann. Alle gammene sitt inngangsparti vendte mot aust. Utanfor gammene var det gjerne eit árran for matlaging, og gjerne ein større stein med skugge og eit oppkome for vatn. Ved kvar gamme var det også vanlegvis ein luovvi, eit oppbevaringsstativ med fire bein. Gammene hadde som regel også ein eller fleire holga, eit enkelt stativ som ein nyttta til lufting av sengeklede og som ein brukte for å tørke kjøt. Kvinnene kjøpte kuskinn som dei bearbeida og brukte for å sy sko og seletøy.

I kvar gamme budde det i snitt sju personar. I tillegg til bustadgammar var det i Rávdnjevággi også ei skulegamme eller eit skuletelt. Undervising for born i skulealder føregjekk gjennom heile sommaren. I Labba sitt intervju med Riá Niillas (Nils Blind) er forteljinga om skulegang sentral. Det var far hans som hadde ansvar for skulesakene som dei frakta med seg på flyttinga opp i Rávdnjevággi. Han minnast at dei siste somrane var det fire, fem born i skulen som fekk undervising av Ingerta Blind, som budde saman med ein av familiene i Rávdnjevággi under heile sommaropphaldet.

Samane i Rávdnjevággi kjøpte og bytta varer i Romsa. Ulike duodjiprodukt og reinkjøt var bytta mot mjøl, tøyvarer, fisk og tran. Mennene laga knivar, vogger og korger, medan kvinnene sydde sko og klede. I august var det tid for slakting. Dette arbeidet føregjekk som regel i Hoggebohtu/Håkøybotn. Noko av kjøtet vart seld til fastbuande eller frakta inn til byen for sal. Dei samiske

familiane som kom til Tromsøområdet hadde verdet (venefamilar) blant dei fastbuande på Sállir og i Romssavággi. Desse sterke relasjonane innebar gjensidig hjelp og utveksling av varer og tenester.

Romssavággi som turistattraksjon

I andre halvdel av 1800-talet auka straumen av turistar som kom nordover til Tromsø. Det første offisielle turistskipet var det engelske skipet Ceylon som ankra opp i byen ein sommardag i 1884. Da hurtigrutefarten starta i 1893 var den viktigaste turistattraksjonen i Romsa/Tromsø sameleiren i Romssavággi/Tromsdalen.

I sameleiren i Romssavággi fekk turistar oppleve samar i deira eige miljø og for mange var dette særskilt eksotisk. Her kunne ein med alle sansar ta inn eit samisk miljø; stikke hovudet inn i gammalane, kjenne på lukta, smake på kjøtt og reinmjølk og sjå reinsdyr i gjerdet.

For samane i dalen var dei stadige turistbesøka både ein ressurs og ei utfordring. Emilie Demant-Hatt fortel ut frå eigne erfaringar i 1908 korleis turistane tok seg til rette og trengte inn i samane sine heimar. Ho skriv, «*Det er merkeligt, at saakaldte kultiverede mennesker ikke kan opføre sig med lidt mere værdighed*». Turistane si interesse skapte likevel eit høve for ei lita ekstrainntekt. Dei samiske familiene tente nokre kroner på sal av



Familien som er avbilda heldt til i Romssavággi/Tromsdalen rundt 1915 og viser her fram handlaga produkt til sal for turistar, ei veske i reinsskinn og ei lita gietkka/komse. Biletet er frå ei av fire glasplater som nyleg vart redda frå søppelfyllinga i Tromsø. Biletet er eit sterkt vitne om daglelivet i dalen. Foto: Norges arktiske universitetsmuseum



Born i Romssavággi/Tromsdalen. På biletet ser me frå venstre Elli Katarina Persdotter Hurri /Bojáha Elle gift Raste (1912–1997), Mickel Persson Hurri /Bojáha Mihkkal (1914–1997) og Anna Ottelia Persdotter Hurri /Bojáha Ánne gift Blind (1909–1992). Foto: Norges arktiske universitetsmuseum

dokker, små skinnsko, vevde band, hornknivar, kaffiposar og liknande produkt.

Etnografen Ossian Elgström, som besøkte Tromsø i 1918 for å dokumenterte samisk kvardagsliv i området, fortel om alle salsbodane nede ved stranda der ferja som gjekk over Tromsøsundet ankrar opp,

Det tycktes som lapplägret ansågs tillhörta någon slags förlustelse, ty överallt på stranden syntes «amerikanska gyngor», skjutbanor och flera serveringar. Overallt funnos små stånd, vari man försådde «etnografika». På engelska, tyska och franska uppmanades allmänheten = turisterna att begagna sig av detta enastående tillfälle till att komplettera sine samlningar med tofflor, pappersknivar och andra kuriosa som voro det «utdöande stenåldersfolkets offer til kulturen» (1922:340–341).

Fleire fotografer laga seriar med postkort med biletar av samar. Postkort er ein sjanger som legg vekt på det eksotifiserande. Sommarbustadane i Romssavággi/Tromsdalen var eit populært motiv der samane med sine kofter, gammar og reinsdyr stod fram som framandarta og eksotiske. Etterkvart krevde samane betaling for å stille opp til

fotografering. Også ungane kunne tene ein slant på å stille opp som fotoobjekt.

Fleire forretningar i Tromsø spesialiserte seg etterkvart på sal av samisk duodji (handverk) til turistar. Desse varene vart mellom anna omsett i butikken til Cedorph Ebeltoft på Richard Withs plass der me i dag finn Quality Hotel Saga. Ebeltoft arrangerte i 1880 åra ein sameleir på Prostneset slik at turistane skulle ha enkel tilgang til samane og deira turistprodukt. Ebeltoft la også til rette for gratis losji for samar i ei enkel bårstue kalla «Lappohotellet» på Ebeltoftbrygga i sentrum av byen.

Tvangsflytting

Reindriftsfamiliane som budde på Sállir/Kvaløya blei utestengd frå sine beiteområde frå 1923. Reindriftsfamiliane som budde i Romssavággi/Tromsdalen fekk opphalda seg i dette området fram til krigsutbrotet i 1940. Buplassane i Romssavággi utgjorde ein viktig ressurs for handelsstanden og den blomstrande turistnæringa. Reindriftsutøvarar og deira familiærar som budde i Norge i sommarhalvåret vart, som ein konsekvens av reinbeitekonvensjonen, tvangsflytta til sørlegare deler av Sverige av svenske styresmakter.



I fjæra i Hoggebohtu/Håkøybotn. Familiane tek seg ein kaffitår medan dei gjer seg klare for handelsdag på torget i Romsa/Tromsø. Bilete frå ca. 1890. Foto: J. J. Wickstrøm, tsnf 54968

Dei fleste hamna i Jåhkåmåhkke/Jokkmokk-området. Nokre familiar vart tvungne til å flytte til Árjepluvve-/Arjeplogstraktene og hamna seinare i Svaipa sameby i sørlege delar av Norrbotten. I boka *Herrene sendte oss hit* (2021) fortel Elin Anna Labba om El Susa Nordqvist (Susanna Nordqvist) sine foreldre som budde i Rávdnjevággi og vart tvangsflytta, «*De måtte flytte derfra. Si farvel til alle de bostedene, gammene og båtene. De gråt og dro.*

I samtalene med etterkomrarar trekker Labba også fram minner frå Sara Harnesk. Ho var ti år gammal og minnast det siste året familien kom til Rávdnjevággi i 1922. «*Vi kom først til havna der i Hoggebohtu. På fjellet hadde vi gamme. Man kunne se havet her og der, det var veldig fint*» (2021:46). Om tvangsflyttinga minnast Sara at mange gret og ba kvarandre om tilgjeving avdi dei tenkte at dette måtte være ei straff frå Gud som ramma dei. Som barn skjønte ho ikkje kor definitiv tvangsflyttinga sørover ville vere, men ut frå dei vaksne sin reaksjon forstod ho at noko forferdeleg hadde ramma dei. «*Det var gråt og jamring. (...) Hele veien da de flyttet hit, gråt de bare og sa farvel til busker og trær og steiner, og den stien de har gått*» (2021:55).

Konsekvensane av at grensene vart stengte og at menneske vart tvangsflytta til nye område, var enorme. Saman med fornorskingspolitikken bidrog tvangsflyttinga til ei nærrast utvisking av den samiske historia i Tromsøområdet. Tvangsflyttinga førte til store utfordringar for reindrifta. Ho førte til tap av språk, tap av kulturutveksling, handel og brotne relasjonar. Også sentrale kulturelement som luodit (joik) gjekk tapt. Luodit (joik) spela ei sentral rolle både langs flyttevegane og i sommarheimane i Tromsøområdet. Joik tilhøyrer stadar og menneske, og etter tvangsforflyttingane mista mange menneske forholdet både til landskapet og dei menneska dei kjente og joika. Då tilgangen til sommarheimane gjekk tapt oppstod eit brot som også fekk konsekvensar for joiken. I dag kjenner me kun til nokre få, blant anna den allereie nemnde joiken om det frodige beitelandet, Stuoranjárga.

Elin Anna Labba skildrar det som skjedde som eit komagband som vert kutta over og der trådane splittar seg opp og er nærrast uråd å samla. Trass i det brutale forsøket på å utsletta Romsa/Tromsø si samiske fortid, ser me i dag at nokre av trådane i komagbandet har vist seg å vera slitesterke, og at nye trådar får feste. Tittelen på utstillinga ved museet, Rávdnji, speglar akkurat desse prosessane. Samisk kultur er ein stri og sterk straum som ikkje så lett let seg temma og som i dag kjem til uttrykk i Romsa/Tromsø gjennom auka fokus på registrering av kulturminne i områda kring Rávdnjevággi og Romssavággi, auka satsing på samisk språk, og stadig fleire tromsøværingar som vel å løfte fram sin samiske identitet.

Litteratur:

- Deman-Hatt, E. 1913. *Med Lapperne i Høffeldet.* Stockholm, Nordiska Bokhandeln.
- Labba, E. A. 2021. *Herrene sendte oss hit.* Om tvangsflyttingen av samene. Pax forlag A/S Oslo.
- Elgström, O. 1919. Lappalaiset: Resor i Lappland och Norge. Stockholm, Albert Bonniers forlag.
- Elgström, O. 1922. *Karesunadlolapperna.* Stockholm, Åhlén & Åkerlunds forlag.
- Scharling, H. 1867. *En Sommer i Norge – Fra Christiania til Finmarken.* Kjøbenhavn: Reitzels forlag.
- Sveen, S. og Labba, E. A. 2018. *Kulturminneundersøkelser Rávdnjevággi/Finnheia, Sállir/Kvaløya, Tromsø kommune. Geassi/Sommeren 2018.* Sametinget.
- Turi, J. 1917. *Muittalus Sámid birra.* Utgiven av Emilie Demant Hatt. Stockholm.

Forfatterne:



Ingrid Sommerseth er forskingsprofessor ved Norges arktiske universitetsmuseum. Ho er arkeolog og forskar på samiske historie frå jernalder til ny tid. Sommerseth er del av forskargruppa ArcArc på universitetsmuseet. Hennar arbeidsfelt er også forvalting av bergkunsten i Nord-Noreg.

E-post: ingrid.sommerseth@uit.no
<https://orcid.org/0009-0009-0854-3345>



Trude Fonneland er professor i kulturvitenskap ved Norges arktiske universitetsmuseum. Hennar forskingsinteresser er knytt til felta samisk museologi, religion, matkultur og turisme. Fonneland er del av forskargruppen SAMFORSK på universitetsmuseet og forskargruppa INREL (Indigenous Religions, Global Networks) ved HSL-fakultetet.

E-post: trude.fonneland@uit.no
<https://orcid.org/0000-0002-4287-5441>

Margrethe Kitti – siida eamit og tromsøsame

Stine Benedicte Sveen

<https://doi.org/10.7557/ottar.8062>

Margrethe Lango Kitti eller Máhte Márge er et kjent navn over hele Sápmi. Margrethe fikk i sin samtid anerkjennelse og respekt som overhode for en reindriftsfamilie og i kraft av sin personlighet. Hun tilhørte reindrifta i Tromsøområdet hele sitt liv. Først som flytsame og så med helårsdrift.

Margrethe ble født i en fembøring på tur til Tromsø 24. juni 1884. Hun døde i sitt hjem på Slettaelva på Sállir/Kvaløya 2. april 1974, i en alder av nesten 90. Hennes liv rommer mye reindrifts- og Tromsøhistorie. Margrethe ble i løpet av sitt liv en kjent person ikke bare i Tromsøsamfunnet, men også ellers i Sápmi. Hun ble kjent fordi hun var kvinnelig leder for en reindriftssiida med en stor reinflokk. På samisk kalles en slik kvinnelig leder for *siida eamit*. Hun ble også kjent fordi hun var en stolt og uredd kvinne som satte seg i respekt blant folk på forskjellig vis. Margrethe kunne litt av hvert. Hun var kjent for å ha evner. Og der hun selv ikke



Margrethe fotografert i sitt hjem "Lillebukt", Rakkfjorden på Sállir/Kvaløya i 1950. Der bodde hun i 40 år.


Foto: Runo Lette. Privat eie

strakk til, fikk hun hjelp fra andre, fra kongen om så.

Margrethe preget dem hun levde med og folk hun møtte, enten det var på gårdene på Sállir/Kvaløya eller på cafe i byen. I en kronikk i avis Nordlys i anledning 70-årsdagen ble Margrethe kalt for «den ukronede dronning i Kvaløyfjellene» (21.06.1954). Margrethe er mest kjent som reineier på Sállir/Kvaløya, der hun drev helårsdrift i 50 år. Men hun var oppvokst i den grenseoverskridende reindrifta som var dominerende i Tromsøområdet fram til 1920-tallet. Margrethes foreldre het Mattis Persson Lango (*Guovva Mähkte*) og Elli Margareta Persdotter Heikka. Hun hadde to brødre og en yngre søster. Familien flyttet mellom vinterbeiter i innlandet på svensk side og vår- og sommerbeiter på Stuoranjárga/Tromsø fastland og øyene utenfor. De var svenske statsborgere, i likhet med de fleste andre flytsamene i området.

Margrethe giftet seg med Per Nilsen Kitti i 1911. Han drev med rein på øyene. Etter 1919 ble de fleste reindriftssamer med svensk statsborgerskap utestengt fra beitene sine i Tromsøområdet, gjennom den norsk-svenske reinbeitekommisjonen av samme år. Margrethes gamle far og brødrene ble tvangsflyttet til Svaipa sameby i Sverige. Som den eneste av søsknene skiftet Margrethe til norsk statsborgerskap for å kunne leve av rein på norsk side med sin mann.

Margrethe og mannen Per hadde drevet helårsdrift år om annet før. Nå måtte helårsdriften bli permanent. Vinterbeitene på kysten er marginale, og kystklimaet omskiftelig og uforutsigbart. Det innebar en viss fleksibilitet at de kunne ha reinflokk på flere øyer. Etter tvangsflyttingen var det ikke andre reindriftsfamilier igjen på øyene utenfor Tromsø enn Kitti- og Rastefamilien. Margrethe og Per organiserte driften med utgangspunkt i Sállir/Kvaløya og andre øyer de hadde brukt til vår- og sommerbeite tidligere: Ringvassøya, som de kalte Ratni, Várdná/Vannøya, Ruobbá/Rebbenesøya og Ráidna/Reinøya.



Margrethes familie flyttet blant annet til Sállir/Kvaløya. Bildet er tatt på Straumshella under høstflyttingen. Derfra svømte flokken over Rávdnji/Rystraumen til Jáhkotnjárga/Malangshalvøya. Foto©Nordlandsmuseet



«Lillebukt», Rakkfjorden, Sállir/Kvaløya. Huset kjent som «Kittihuset» har vært fraflyttet siden 1960-tallet.
Foto: Stine B. Sveen 2024



Margrethe med barnebarnet Margreta og svigersonnen Lars Nilsen Påve utenfor en sjå i «Lillebukt». Kvaløyreinens store og flotte reinhorn har vært ettertraktet til duodji og en viktig salgsvarer. Foto: Runo Lette. Privat eie

Margrethe kjøpte landbruks eiendommen "Lillebukt" i Rakkfjorden nord på Kvaløya i 1924. Eiendommen var hennes særeie. I følge barnebarna opprettet besteforeldrene ektepakt der det sto at bestemoren var eier av landbruks eiendommen og bestefaren eier av reinflokken. De skrev også testament der det sto at den lengstlevende skulle arve ektefellen. Margrethe fortalte barnebarna at de måtte gjøre det slik fordi reindriftssamer ikke kunne eie jord.

Margrethe overtok reinflokken da mannen Per døde i 1946. Hun var da 62 år. Deres eneste sønn Lars døde et par måneder tidligere. Lars var syk og alvorlig svekket etter en dramatisk flukt fra og fangenskap hos Gestapo. Tapet av mann og voksen sønn innebar at Margrethe ble leder for familiens reindrift. Barnebarnet Margreta husker at bestemoren tok melkeskøyta fra den ene øya til den andre for å se til reinen sin.

Margrethe hadde en stor familie med døtre, svigersonner og barnebarn som deltok i driften. I tillegg hadde hun drenger. Mine viktigste kilder til

Margrethe er barnebarna Per Lars Kitti og Margreta Påve Kristiansen, begge reineiere. For dem er Margrethe *muore* ("bestemor" på Karesuandodialkt) og Besta. Per og Margreta vokste opp i «Lillebukt» i lag med bestemoren og Margretas foreldre og søsken. Huset kjent som «Kittihuset» står der fortsatt, men til nedfalls. Margrethe bodde der i 40 år. Eiendommen ble fraflyttet til fordel for det mer sentralt beliggende Slettaelva rundt 1965.

Bestemoren sørget for at barnebarna deltok i alt av arbeid i familien. Kittifamilien var eneste reindriftsfamilie på Sállir/Kvaløya. Barnebarna deltok i gjeting av reinen over hele øya. Hjemme hjalp de til med husdyrene og med høyet. Margrethe eide et par kyr og noen sau, geiter og høns. Hun hadde også en vær som Per fraktet rundt til gårdene med båten. Det var ikke veiforbindelse til "Lillebukt".

Som familieoverhode var Margrethe en myndig person. Margrethe var leder for familiens reindrift fram til sin død, i den forstand at det var hun

som hadde det avgjørende ordet. Hun hadde også myndighet som eldre kvinne i familien. Margrethe ga blant annet navn til nye familiemedlemmer.

Margretha er født i 1946, samme år som

Margrethe mistet sin mann og sønn. Margrethe ga klar beskjed om at barnebarnet skulle kalles opp etter henne og de to avdøde. Margrethe skal først ha sagt at: «Barnet skal hete Lars» til protester fra jentebarnets far som egentlig ikke hadde noen myndighet på dette området. Det endelige navnet ble Margretha Petra Laila. Barnebarnet som ble født to år etter fikk navnet Per Lars.

Per Lars vokste opp som Margrethes sønn etter å ha mistet sin mor som liten. Som barn var Per med Margrethe overalt, og som ung arvet han reindrifta etter henne på Sállir/Kvaløya. Han arvet også kunnskapen om reinen og reinbeitelandet, overført mellom generasjoner av reineiere i slekten. Kittifamiliens rein er stor og fin med staselige horn og mørk pels med hvite og svarte mønstre. Dette har med genetikk å gjøre, men også med kvaliteten på beitene og ikke minst med reindriftskunnskap. Kunnskapen som sikrer flokkens sunnhet, trivsel og overlevelse og gir vakre dyr.

Margrethe og mannen Per hadde andre boplasser enn «Lillebukt». På Sør-Kvaløya lå vinter- og vårbeitene familien var så avhengig av i helårsdriften. Margrethes mann bodde fast hos en familie på Brensholmen i vinterhalvåret. Margrethe kalte dette området for Oarjegeahci, som betyr «Sydspissen» på Karesuandodialekt. Om sommeren og fram til oktober bodde familien på Slettaelva. Her står det et lite hus Margrethe fikk bygd rundt 1960. Dette var Margrethes hjem de ti siste årene av hennes liv. Hun bodde der i lag med to døtre og Per Lars, som bor der fremdeles.

Huset har siden 1980-tallet ligget i et boligfelt. Sporene etter den gamle samiske bosettingen på Slettaelva er forsvunnet under hus, veier og hager og ut av folks minne. Men Per og Margretha minnes den fine gammen som lå på plassen før, og som de overnattet i som barn og unge. Per kan fortelle at høyden over boligfeltet heter Njuovvandievá eller Slaktarhaugen, og at den er oppkalt etter slakteplassen besteforeldrene brukte. Per kan også fortelle om tiden før tvangsflyttingen i 1923. Han kan peke ut plassen litt høyere opp i boligfeltet, der siidaene som flyttet til Ratni/Ringvassøya hadde hvileboplasser under flytting. Kittifamiliens rein har fremdeles hvile og opphold på Slettaelva.

Margrethe fortalte barnebarna om sitt eget og tidligere generasjoners liv. Når Margrethe var på bytur med barnebarnet Margretha, brukte hun peke på fembøringen som sto utstilt utenfor det daværende Tromsø Museum (dagens Tromsø Kunstforening) og si: «Dat vanccan lean riegádan»/I den

båten er jeg født». Fødselen fant sted på tur fra Romssavággi/Tromsdalen til Tromsø. Margrethes foreldre tilhørte på den tiden Tromsdalssiidaen. Romssavággi var Margrethes første barndomshjem på norsk side.

Langofamilien bodde på den store gammelboplassen på Dalheim. Familien flyttet etter hvert til nabosiidaen Nieidavuodvi/Andersdalen, som kan ha vært den sommersiidaen Margrethe tilhørte lengst i oppveksten. Etter 1919 og tvangsflyttingen ble Dalheim liggende øde. Noen få familier fikk bli fram til krigen. De bodde nede i dalen.

Margrethe fortalte Per Lars at de fikk bli på grunn av turismen, som skal ha vært svært innbringende for Tromsøs handelsstand. Margrethe var ofte på



Margrethe fotografert i studio i Tromsø som ung. Bildet er trolig tatt rundt 1905, da hun bodde på sommerturistboplassen i Rávdnjevággi/på Finnheia. Foto: Privat eie

besøk på Hurriboplassen med døtrene. Margrethes søster var inngiftet i Hurrifamilien.

Etter krigen la den norske staten til rette for at Kautokeinofamilier kunne overta vår- og sommerdriften etter Karesuandosamene på Tromskysten. De gamle sommerboplassene ble liggende øde. Margrethe fortsatte likevel å besøke dem. Etter at Per fikk seg bil på 1960-tallet, kjørte han bestemoren rundt til boplassene hvor hun var oppvokst. De besøkte Romssaváaggi/Tromsdalen og Rávdnjeváaggi/Finnheia på Kvaløya.

Sommerboplassen i Rávdnjeváaggi/på Finnheia ligger på en høyderygg på toppen av eidet mellom Rávdnjeluokta/Straumsbukta og Håkøybotn. Beboerne på sommerboplassen kalte Håkøybotn for *Hoggebohtu*. Sametinget kartla sommerboplassen i 2018. Det ble registrert 15 gammelboplasser med tydelige tufter etter boliggammer og stabbur, omgitt av et belte av gjerdeplasser. I hver bolig bodde det storfamilier. Gammelbildet er et av få historiske bilder herfra (fig.6). Margrethes familie flyttet dit i år 1900, da Margrethe var 16 år. Margrethes mor tilhørte en av familiene i siidaen,

Heikkafamilien. De kom dit fra Nieidavuoddi/Andersdalen. Sommerboplassen skal i den siste tiden før tvangsflyttingen i 1923 ha hatt en stor befolkning på rundt 70 mennesker.

I Jokkmokk dukket det nylig opp et sjeldent bilde av Margrethe som ung. Margrethe er fotografert i et studio i Tromsø. På baksiden står det skrevet: «Margarehta Lango, Tromsö». Det må være håndskriften til tidligere eiere av bildet, for Margrethe kunne ikke skrive. Bildet er trolig tatt rundt 1905, da Margrethe var rundt 20 år og bodde med familien i Rávdnjeváaggi/på Finnheia. Det nydelige lille bildet er et visittkort av typen man bestilte for å kunne utveksle med venner og familie. Den unge Margrethe har altså selv oppsøkt fotograf. Margrethe var en dyktig syerske som i helt ung alder fikk det prestisjefulle oppdraget med å utstyre Roald Amundsens Gjøaekspedisjon (1904) med alt av skinnklær. Margrethe kan ha fått litt inntekt hun kunne bruke på portrett. Margrethe bærer vakre skinnklær hun helt sikkert har sydd selv og Karesuandohue og -belte.



Bilde fra sommerboplassen i Rávdnjeváaggi/på Finnheia med Nuttifamilien. Bildet er fra slutten av 1880-tallet. Utsikten er den samme som fra gammeltufter Sametinget har registrert på boplassen
Foto: J. H. Wennberg_pol03775_CC BY-NC-ND 3.0



Kittifamilien og Vikenfamilien fotografert på Holemark gård i Hoggebohtu/Håkøybotn i 1954. Kittifamilien var i Håkøybotn for å slakte okserein om sommeren. Eier av foto: Sylvi Viken

Portrettet av Margrethe befant seg i fotosamlingen etter Anna Maria Persdotter Nutti. Nuttifamilien er avbildet på gammelbilden fra sommerboplassen. Kvinnen i gammelåpningen med komse er Anna Marias mor Kristina J. Persdotter Blind. Anna Marias far Per Guttormsson Nutti (*Diiná Biete*) sitter til venstre for henne. Anna Maria er trolig barnet som står mellom dem. Hun var født samme år som Margrethe og var nok en venninne. Anna Maria døde året før tvangsflyttingen, så det må være andre i familien som har tatt vare på bildet av Margrethe.

Margrethe hadde sterke bånd til området. Hun valgte gravlunden ved foten av Rávdnjemuotki/Finnheia til sitt gravsted. Margrethe sa til Per Lars at hun ville begraves ved sitt barndomshjem. Margrethe hviler side om side med døtre og barnebarn i Kittifamilien og med vennene i Vikenfamilien. Vikenfamilien i Hoggebohtu/Håkøybotn har i generasjoner pleid vennskap (*verddevuhta*) med reindriftssamene i området. Bildet er tatt på Holemark gård i juli 1954, da Kittifamilien var i Håkøybotn for å slakte okserein. Den 70 år gamle Margrethe står til venstre i bildet. Hun er i lag med døtre, svigersønner og barnebarn, en dreng

(i midten) og Vikenfamilien. Per Lars er fire år og sitter i midten på panseret.

I Margrethes oppvekst var det en stor reindriftsbefolkning i Tromsøområdet. Etter tvangsflyttingen og krigen hadde Margrethe mistet viktig reindriftsnettverk. Hun søkte seg nytt i de tilflyttede reindriftsfamiliene. Oskalfamilien flyttet fra Kautokeino til Tromsøområdet med rein på 1950-tallet. Margrethe kom på besøk til Gáranasvuotna/Ramfjorden med barnebarnet Per for å utveksle erfaringer og nytt om beitene.

Margrethe gikk i likhet med Oskalfamilien i samiske klær og snakket samisk hele livet. Dette var en tid da folk i bygdene var sluttet å bruke kofte og snakke samisk. Margrethes samiskhet ble veldig synlig. Når Margrethe var innom gårdene på Sállir/Kvaløya, satt hun på gulvet i stedet for på stolen. Og så røkte hun pipe. Slik gjorde reindriftssamer i Margrethes generasjon, både kvinner og menn. Margrethe gjorde som sine folk. Men for både voksne og barn i majoritetsbefolkningen var dette annerledes og litt rart.



Margrethe i Kautokeinokofte. Bildet er tatt rundt 1970, da Margrethe var i midten av 80-årene.
Foto: Kjell Fjørtoft_tsnf 47934_CCBY-NC-ND 3.0

Margrethe brukte Karesuandokofte fram til hun var så gammel at hun ikke lenger sydde selv. Da gikk hun over til Kautokeinokofte. Valget av kofte kan ha vært praktisk betinget. Kautokeinokofta var å få kjøpt. Også andre etterkommere på øyene tok i bruk Kautokeinokofte. Men dette kan også si noe om bånd som var brutt. Bånd Margrethe ikke snakket om eller viste fram utenom familien. Båndene til fortiden og slekten på svensk side.

Margrethe tilhørte den store gruppen reindriftssamer som etter unionsoppløsningen ble stigmatisert som "svensklapper", og som opplevde å være uønsket i den norske nasjonalstaten. Per Lars fikk høre bestemorens erfaringer med det dette. Margrethe fortalte Per at Nordlandsbåtene til reindriftssamene i Rávdnjevággi/på Finnheia

stadig ble utsatt for hærverk. Til slutt så man ingen hensikt i å reparere båtene lenger. Margrethe fortalte Per at reindriftssamene på et tidspunkt ikke lenger fikk handle på torget i Tromsø, men måtte drive handel i bakgårdene til kjøpmennene. I 1912 ble det utstedt en politiforordning i Tromsø. Her fikk "lappene" forbud mot å handle på åpen gate, angivelig fordi de representerte en ordensstyrrelse. Handelen var en hjørnestein i reindriftssamenes økonomi og omfattet blant annet kjøtt, skinnvarer, horn, duodji/husflid og turistvarer.

Margrethe fortalte også at reindriftssamene ikke fikk ordentlig betalt for varer og tjenester. Margrethe var kjent for å ha handelstalent, og hun visste godt verdien av varene sine.

Per Lars husker Margrethe brukte si: «*Dáža lea dáža juohke beaivvi*». Direkte oversatt betyr dette: "Nordmannen er nordmann hver dag". Dette var Pers barnelærdom . Man skulle ikke vente seg noe av nordmannen og øvrigheten. Margrethe hadde gjort seg sine bitre erfaringer med rasisme og undertrykking. Margrethe var ikke bare «svensksame». Hun var kvinnelig reineier med stor reinflokk i et kystområde der reindrifta var blitt i minoritet og fornorskningen hadde fått godt feste. Men Margrethe sto opp mot dette. Barnebarna husker at den eldre Margrethe var drivende god til å argumentere, og at hun viste både stolthet og stødighet i møter med folk og øvrighet.

I en kronikk i avis Nordlys i anledning Margrethes 65-årsdag står det: «Fru Kitti har været meget benyttet av sine stammefeller som juridisk rådgiver og tolk» (20.06.1949). Margrethe hadde samisk som morsmål og behersket finsk og norsk flytende. Hun hadde en høyesterettsadvokat Warhuus som hjalp henne med korrespondanse. Warhuus forfattet flere brev til selveste kong Haakon VII for Margrethe. Margrethe var verken blendet av eller redd for autoriteter, og hun gjorde det hun måtte for å bli hørt.

Margrethe og kongen utvekslet brev og møtte hverandre flere ganger. I et brev som nå er gått tapt i Kittifamilien skal kongen ha bekreftet Kittifamiliens rett til å drive med rein på Sállir/Kvaløya etter tvangsflyttingen. Etter krigen henvendte Margrethe seg til kongen på nytt. Reinflokken lå nede på grunn av krigen og myndighetene ønsket å avvikle Margrethes reindrift. Det var en uttalt politikk også i etterkrigstiden at såkalt "norsk" reindrift skulle erstatte "svensk" reindrift i Troms. Margrethe fikk møte kongen personlig under et kongebesøk på 1950-tallet på Kvaløya. Kong Haakon skal da ha sagt de bevingede ord: «*Fru Kitti, frykt ikke for reinen på Kvaløya. Den skal være der så lenge Norge består*».

Margrethes drift ble ikke avviklet. Margrethe bygde opp en stor og god reinflokk. Reinen etter Margrethe går på Sállir/Kvaløya den dag i dag.

Bak den myteomspunne skikkelsen Margrethe Lango Kitti står det en svært ressurssterk, allsidig og dyktig kvinne. Margrethe kjempet for sine egne og familiens rettigheter, og for de kollektive reindriftsrettighetene. Hennes livshistorie forteller oss om stort personlig mot. Margrethe levde et liv som overskred normer i majoritetssamfunnet hun levde i. Hun viste hele livet sin samiske identitet offentlig, selv når det kostet som mest. Margrethe var en tradisjonsbærer som ført den rike kulturarven etter generasjoner med reineiere i Tromsøområdet videre.

Kilder og referanser:

Samtaler med Per Lars Kitti, Kvaløy reinbeitedistrikt (fra 2018 til i dag).

Samtaler med Margretha Påve Kristiansen, Sør-Senja reinbeitedistrikt (fra 2018 til i dag).

Andre: Desirée Päiviö (Ringvassøy), Tina Harnesk (Jokkmokk, Sverige), Isak Tore Oskal (Ramfjorden), Ivar Bjørklund, Sveinulf Hegstad (Tromsø).

Sveen, S. B. 2024: *Margrethe Kitti – siida eamit og Tromsøsame*. Foredrag på Romssa Sámi Viessu, Tromsø, 05.12.2024.

Sveen, S. B. 2021. *Rávdnjemuotki/Finnheia – kulturminner og livshistorier*. Foredrag på Vin & Viten, Norges arktiske universitetsmuseum, 03.02.2021 (<https://sametinget.no/aktuelt/nettforedrag-om-samiske-kulturminner-og-kulturhistorie-i-tromsoomradet.32729.aspx>).

Sveen, S. B. og Labba E. A. 2018. *Kulturminneundersøkelser Rávdnjevággi/ Finnheia, Sállir/Kvaløya* (https://sametinget.no/_f/p1/i146a5391-a26c-446a-aad9-2ed027bfeb31/kulturminneundersøkelser-innheia-2.pdf).

Brev til länsmannen i Karesuando fra Konungens Befallningshavande Oscar von Sydow, Luleå i landskansliet 18.februar 1913. Samisk arkiv.

Forfatter:



